



Frå tysdag vil buss-skuret vers klart på busstoppen.

Det er ein positiv nyheit, men den kjem 20 år for seint!

Dette var reaksjonen til ein oppsittar på Korsnes då firmaet E. Opedal og Sønner i dag starta utgravinga av tomta til eit nytt busstur.

På grunn av ein ofte farleg trafikksituasjon er skuret sterkt etterlengta og Hans Olav Leganger hos Opedal lovar at det skal vera klart til bruk tysdag til veka.

Nære naboar til busslomma har vore vitnar til mange farlege trafikksituasjonar. Ikkje minst har dei oppstått når elevar skal reise med skulebussen.

Fordi det har mangla skur har mange ungdommar søkt ly for veret ved trafoen. Når bussen kjem spring dei så kortaste vegen til busstoppen for å nå bussen. Vegen er som alle veit sterkt trafikert og det kan lett skje ei ulukke under slik ukontrollert kryssing.

- Vi skal vera svært så glad for at det har gått bra til no, skreiv ein oppsittar til oss i fjor.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Snart slepp elevane å venta i regn og blåst på Korsnes